



# SPRÅKLIG SAMLING

UTGITT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 2 1977

18. årgang

Løssalg kr. 5,-

## SPRÅKLIG SAMLING I SAMELAND?

Stor artikkel om samiske språkforhold  
av amanuensis Ove Lorentz

### Prinsippprogrammet vedtatt

### NY KURS FOR LSS

Les det nye  
prinsippprogrammet på side 3

3 dikt av  
**HANS BØRLI**  
i dette numret

### Folkemålet vinner fram i litteraturen

Samtale mellom Geirr Wiggen  
og Otto Hageberg på side 17

#### INNHOLD:

Leiar .....	s. 2	Vanlig Oslomål.	
Prinsippprogram for LSS .....	s. 3	Av Eskil Hanssen .....	s. 15
Lover for LSS .....	s. 3	Folkemålet vinner fram i litteratu-	
Språklig samling i sameland?		ren. En samtale mellom G. Wig-	
Av Ove Lorentz .....	s. 5	gen og O. Hageberg .....	s. 17
3 dikt av Hans Børli .....	s. 10	Litteraturprisen for 1977 .....	s. 2
Språk og kjønn. Bokmelding.		Gåver .....	s. 4
Av Lars S. Vikør .....	s. 11		

## SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 20 kroner året

Skriftstyrar: Ernst Håkon Jahr  
Gabbrovn. 11, 9022 Krokeldalen  
Tlf.: (083) 30 483

## Det nye prinsippprogrammet til LSS

LSS har nå fått nye lover og eit nytt prinsipp-program. Vi meiner sjølv at det nye prinsipp-programmet er eit godt og riktig program i den språksituasjonen vi har i dag. Det er òg eit svært radikalt program, som signaliserer ein ny kurs i arbeidet til LSS. Tidligere har LSS vori mest opptatt av skriftspråknormeringa. Det nye programmet framhevar arbeidet med og for *talemåla* som viktigast, og skriftspråknormeringa som underordna. Vi meiner det må vere ei riktig oppsummering å seie at språkutviklinga vår har vist dette: Ei vidare utvikling av bokmålet i folkelig lei er avhengig av to forhold: Styrka stilling for folkelig talemål og styrka stilling for nynorsk skriftmål. Både det folkelige talemålet og nynorsken er med på å dra bokmålet i rett lei — fram imot eit sams norsk bygd på folkelig talemål.

Ein del vil kanskje ha vanskar med å sjå noen «samling» i det at alle skal tale sitt eige mål i alle samanhengar (§ 1 og 3 i prinsippprogrammet). Det må da vel vere meir samling om alle kunne samle seg om eit normaltalemål, slik som t.d. i Sverige og Tyskland?

Til dette kunne det seias mye, og det er iallfall heilt sikkert at vi alt i dag har langt større språklig fridom her i Norge enn dei har det i Sverige og Tyskland. Det kan ein lett dokumentere med rapportar frå ulike språksosiologiske undersøkingar i desse landa. Slik vi ser det i LSS, vil det ikkje vere frigjøring, men tvert om språkundertykking om vi i Norge fikk slik språklig samling av muntlig talespråk som dei nå har i Sverige og Tyskland. Derfor ser vi meir abstrakt på omgrepet «samling». Vi seier det slik: Om alle fritt og trygt kunne bruke sitt eige talemål i alle situasjonar, i alle fora og samanhengar, ville folket *sosialt* vere språklig samla. Ingen skulle da kunne kjenne seg underkua ved det at talemålet hans/hennes ikkje blei sett på som godt nok av talaren sjølv eller av andre. *Samlinga* skal altså bestå i at alt talemål i landet skal løftas opp til *eit likt nivå*, slik at ikkje noe mål skal gjelde for betre eller kleinare enn andre.

Dette meiner vi vil vere ei langt djupare og riktigare språksamling enn ei som går ut på å arbeide fram eit standardtalemål, enten det nå skulle bygge på bokmåls- eller nynorsknormalen. Full fridom for *alt* talespråk i landet er vårt viktigaste mål, og det er denne fridommen som seinare skal bli grunnlaget for eit samnorsk skriftspråk.

ehj

## Litteraturprisen for 1977 til Gutorm Gjessing

Sentralstyret i Landslaget for Språklig Samling vedtok på møte 17. april i år å tildele LSS' litteraturpris for 1977 til professor *Gutorm Gjessing*. Tildelinga av prisen fant sted i Oslo i mai.

Gutorm Gjessing får prisen for godt og folkelig språk i sitt populærvitskapelige forfatterskap, både i bøker og i artikler i dagspressa. Det språket Gjessing fører, representerer et brudd med det tungt tilgjengelige språket som mange av hans kolleger i samfunnsvitskapene og i humaniora benytter seg av. LSS mener at Gjessings stil og språkbruk er et eksempel for populærvitskapelig framstilling, som mange burde følge.

I neste nummer av bladet skal vi bringe reportasje fra prisutdelinga, og gi en mer utførlig omtale av prisvinneren.

## MELD DEG INN I LSS! FRAM FOR FOLKEMÅLET!

### Betaling for 1977

Kan noen ha glømt å betale for 1977, eller er betalingsblanketten blitt borte under framsendinga? Opplysning om kontingent og girokonto står på siste side.

Kassereren.

# Prinsippprogram for Landslaget for språklig samling (LSS)

Vedtatt på landsmøtene 10. oktober 1976  
og 17. april 1977.

1. Landslaget for språklig samling vil kjempe for språklig samling av det norske folket ved å gi det folkelige talemåte i landet sosial og kulturell oppreising, og ved å arbeide for ett samlende norsk skriftspråk bygd på folkemåla i bygd og by, med frihet i ordvalg og med folkelig uttryksmåte.
2. Språkstriden er i dag først og fremst en strid med sosiale motsetninger. Den maktstillinga det konservative bokmålet har gjennom ulike maktsentra og påvirkningsorgan, er den viktigste hindringa for å nå fram til ei felles folkelig skriftform. LSS vil motarbeide denne ufolkelige norma og organiserte forsøk på å opprettholde den.
3. LSS meiner at alle må kunne bruke sitt eige talemål i alle situasjoner, og går imot talemålsnormering i skolen og privat språktvang i yrkeslivet.
4. LSS går inn for at skriftspråket i skolen skal være mest mulig i samsvar med det folkelige talemålet på stedet.
5. LSS går inn for at norskopplæringa i skolen bør styrkes. I læreplaner og i undervisninga bør det legges sterk vekt på målførekunnskap og nyere språkhistorie som bakgrunn for kunnskap om den nåværende språksituasjonen. Under opplæringa i skriftnormene bør det legges vekt på å vise hvordan normene forholder seg til talemålet på stedet.
6. LSS krever reell jamstilling for nynorsk skriftspråk på alle områder i samfunnet, så lenge vi ennå ikke har nådd fram til ei samlende skriftform.
7. LSS vil ta del i arbeidet med å styrke den folkelige kulturen mot presset fra den kommersielle massekulturen, som ledd i arbeidet for språklig frigjøring.
8. LSS ser det anglo-amerikanske språkpresset som en stor fare for norsk mål i dag, og vil arbeide for å verne det norske målet mot denne kulturen.
9. LSS meiner at arbeidet med å fornorske ord og uttrykk i ulike fagspråk må få langt større vekt i språkrøktsarbeidet enn det har hatt til nå.
10. LSS vil arbeide for at det offentlige skal bruke et folkelig mål, særlig i publikasjoner og anna informasjonsstoff.
11. LSS vil støtte samene i deres strid for samisk språk og kultur. Også andre språkminoriteter bør få bedre undervisningstilbud på sitt eige mål, og høve til å holde på sin kultur.

## Lover for LSS

Vedtatt på landsmøtet 10. oktober 1976.

- § 1. Formålet til Landslaget for språklig samling (LSS) går fram av det prinsippprogrammet som er lovlig vedtatt i organisasjonen. LSS er partipolitisk uavhengig.
- § 2. Dei som deler det synet på språksaka som LSS hevdar gjennom prinsippprogrammet sitt og som betaler medlemskontingent, kan bli medlemmer, direkte eller gjennom lokallag.
- § 3. LSS gir ut bladet Språklig Samling. Bladet kjem normalt ut fire gonger for året. Landsmøtet eller landsstyret fastset abonnementsprisen på bladet. Skriftstyraren er ansvarlig overfor landsmøtet.
- § 4. Landsmøtet er øvste organet i organisasjonen. Normalt skal det vere landsmøte kvart anna år, men sentralstyret kan kalle inn til landsmøte oftare. Dersom minst 50 medlemmer krev det, skal det haldast ekstraordinært landsmøte. Alle som har vori

## SPRÅKLIG SAMLING

medlem i organisasjonen i minst 3 måneder og som har betalt kontingent, kan delta på landsmøtet.

- § 5. A. Landsmøtet vel ti medlemmer med varafolk som saman med sentralstyret dannar landsstyret. I ein landsmøteperiode er landsstyret øvste organ i organisasjonen.
- B. Landsmøtet vel eit sentralstyre med slike medlemmer: Leiar, nestleiar, kasserar, skriftstyrar og fire styremedlemmer. Til sentralstyret skal det veljast tre varamedlemmer, helst blant dei som sit i landsstyret eller er varafolk til landsstyret.
- C. Landsmøtet vel valnemnd med 3 medlemmer.
- D. Landsmøtet vel representantane til LSS i Norsk språkråd.
- E. Landsmøtet fastset prinsippprogram til organisasjonen. Endringsframlegg til prinsippprogrammet kan vedtakast med

simpelt fleirtal, men må først vere lagt fram til drøfting i bladet.

- F. Landsmøtet fastset medlemskontingenten.
- § 6. Landsstyret er vedtaksført når minst åtte medlemmer er til stades, sentralstyret når minst fire medlemmer er til stades. Sentralstyret er ansvarlig for at protokoll frå møta i landsstyret og sentralstyret blir sende til medlemmene og varamedlemmene i sentralstyret og landsstyret. Merknader til protokollen må ein sende til referenten innan 14 dagar, elles er protokollen godkjend.
- § 7. Framlegg til endringar i lovene krev 2/3 fleirtal på landsmøtet for å bli vedtatt. Framlegg om oppløysing av organisasjonen må ha 2/3 fleirtal på to etterfølgjande ordinære landsmøte for å bli vedtatt. I begge høve skal framlegga først vere lagde fram til drøfting i bladet.

## GAVER

L. Vikør 20,—. P. Hustad 20,—. J. F. 28,—. R. Thorsen 10,—. C. Lyngholm 30,—. R. Lunder 70,—. N. Hjelmtveit 20,—. H. M. Vesaas 90,—. H. Sødal 20,—. E. Lundeby 30,—. E. Kristvik 70,—. Å. Salveson 100,—. P. K. Aamo 40,—. K. Western 20,—. E. og O. Byrkjeland 40,—. E. Tønnessen 100,—. T. Hoel 20,—. I. Grotnæss 20,—. E. Myklebust 200,—. H. Dalene 100,—. Torild og Per 70,—. N. Straatveit 30,—. O. Åse 70,—. A. K. Brattveit 10,—. B. Rongen 20,—. J. Vidar 20,—. G. Stensvand 20,—. J. Gregersen 20,—. O. Kyllsø 20,—. R. Stenersen 70,—. O. Thesen 50,—. B. Øverås 20,—. A. S. Jacobsen 50,—.

E. Wiggen 70,—. R. Høydal 50,—. A. E. Oldem 100,—. E. Sjuisen 70,—. A. Frydenberg 50,—. A. Nesland 30,—. R. Berli 20,—.

## GAVER TIL LITTERATURPRISEN

Da det blei kjent at sentralstyret hadde vedtatt å dele ut litteraturpris også for 1977 — til tross for skral økonomi — og at den skulle gå til *Gutorm Gjessing*, kom det inn en del ekstragaver, som kassereren har satt opp for seg:

Eskil Hanssen 50,—. Ola Halvorsen 100,—. Olav Røset 50,—. Per P. Gulbrandsen 50,—. Geirr Wiggen 50,—. Tore Unhammer 50,—. Torun og Øyv. Gulliksen 200,—. Vi takker!

# MELD DEG INN I LSS!

Kryss av og send slippen til Landslaget for Språklig Samling, Postboks 636, Sentrum, Oslo 1.

- Ønsker å bli medlem av LSS
- Ønsker opplysninger om LSS
- Ønsker å abonnere på bladet Språklig Samling.

Navn: .....

Adresse: .....

# SPRÅKLIG SAMLING I SAMELAND?

Av Ove Lorentz

*Den nordsamiske rettskrivinga som er i bruk i Norge i dag, er nå 30 år gammel. Den var et resultat av et forsøk på harmonisering mellom rettskrivingene som da var i bruk i Sverige og Norge. Nordsamene i Finland har imidlertid hele tida brukt ei anna rettskriving.*

*Samisk språknemnd, som er oppnevnt av Nordisk sameråd, har nå lagt fram et forslag til ny*

*rettskriving, som skal være felles for alle de tre nordiske land.*

*Amanuensis i allmenn språkvitenskap ved Universitetet i Tromsø, Ove Lorentz, gis i artikkelen en oversikt over utviklinga fram mot denne situasjonen, og reiser spørsmålet om samene har råd til enda en opprivende rettskrivingsreform.*

## Store dialektforskjeller

Samene utgjør en liten nasjon som er spredt over et stort område. To av tre samer bor i Norge, hver fjerde i Sverige, og de gjenværende er fordelt på Finland og Sovjetsamveldet.

Den tynne spredningen av befolkningen over et så stort område har ført til at språket varierer sterkt geografisk, mens den sosiale variasjonen ikke er nevneverdig. Riktignok sies det av og til at den og den snakker et stygt samisk, men det betyr som oftest bare at vedkommende blander inn for mye av majoritetsspråket.

Vanligvis snakker vi om dialektforskjeller i forbindelse med samisk, men forskjellene er så store at det ville være like riktig å snakke om flere samiske språk. I de fellesnordiske sameorganisasjonene kan en derfor ikke bruke samisk på møtene, men en må ta i bruk finsk, norsk og svensk. På samme måte må de samiske avisene i stor utstrekning bringe sitt stoff på majoritetsspråkene.

For å få et visst inntrykk av hvor store dialektforskjellene er, kan vi se litt på kartskissen. Det har vist seg at samisken står sterkest der hvor reindriften er viktig, og hvor samene ikke har vært bofaste i områder med sterk innflytting av andre nasjonaliteter. I dag er de samisktalende bare i flertall i fire kommuner i indre Finnmark og i to tilstøtende kommuner i Finland. Den dialekten som er viktigst er derfor finnmarkssamisk sammen med den tilgrensende tornedialekten som ikke avviker så mye. Disse to dialektene kalles sammen med sjøsamisken på Finnmarkskysten, som har vært utsatt for sterk undertrykking, for *nordsamisk* eller *norsk-samisk*.

Går vi sørover blir dialektforskjellene større. Lulesamisk, som på norsk side er representert der hvor landet vårt er på det aller smaleste, kan vel være omtrent så forskjellig fra nord-samisk som dansk er fra norsk. På norsk side kommer så Saltfjellet inn som en språkbarriere

mot sørsamisk, som kan stå omtrent så fjernt fra nordsamisk som tysk fra norsk. På svensk side er overgangen mer gradvis, over pitedialekten og umedialekten. Disse to dialektene er ikke representert i Norge, men sørsamisk finner vi hos oss fra Helgeland til Femunden. På grunn av at sørsamene hos oss er så få, kan en si at majoriteten av norske samer utgjør en homogen gruppe i nord, mens Sverige har flere mer jevnstore og ulike grupper.

Østover er skillene like store. Finnmarksamisk er den viktigste dialekten i Finnland også, men der finner vi dessuten enare- og skolt-samisk som avviker svært. Lengre øst, på Kola, snakkes igjen dialekter som er helt uforståelige for finnmarkssamer.


Som kartet viser, går dialektgrensene på tvers av lengderetningen for det samiske området. Dialektene følger flytteeiene, som har gått tvers over de moderne landegrensene. Noen særlig kontakt nord—sør, som kunne ha jevnet ut språkforskjellene, har det altså ikke vært, om vi ser bort fra en viss utflytting fra nordsamiske til sørligere områder. Grensdragingen gjennom de samiske områdene har derfor bare

økt oppdelingen. Den kan minne om kolonimaktens oppdeling av Guineakysten i Afrika, på tvers av alle stammegrensene, slik at en fikk ruter der det før hadde vært striper.

Finsk er det språket som står samisk nærmest. Men slektskapet er forholdsvis fjernt. Forskjellen er anslagsvis så stor som forskjellen mellom engelsk og norsk. Det er mye som tyder på at likheten for en stor del skyldes påvirkning gjennom en lang nabolivrelse. Nettopp i Finnland er det at samisken har gått mest tilbake. Vi vet at for bare noen hundre år siden var samisk utbredt over hele Finnland like til Finskebukta.

#### Samisk som skriftspråk.

Det er over 350 år siden samene fikk sin første bok, men bare ti år siden barn i Karasjok begynte å få sin første leseopplæring på samisk. Nå har en dette også i Kautokeino, Porsanger og Tana, men fortsatt er det bare få skoler som tilbyr samisk. Det forutsetter jo ikke bare at barnetallet er stort nok, men også at det finnes samisktalende lærere. Heldigvis har både fornorskerne og de som mener at tospråklighet er



De samiske dialektene.

idealet, felles interesse av at leseopplæringen skjer på samisk. Erfaringer har nemlig vist at det er lettere for barn først å lære å lese på morsmålet og deretter lære majoritetsspråket enn å lære to så vanskelige ting på en gang.

Det har vært en lang og hard kamp å få innført samisk i skolen, men det har etter hvert lyktes å skape ro og tillit omkring samiskopplæringen. Det er likevel få av de sameungdommene som kommer for å ta samisk ved universitetene, som har hatt noen opplæring i bruk av samisk som skriftspråk, og enda dårligere står det til med den eldre generasjon. Det er ikke bare et spørsmål om å skrive slik en snakker, men studentene må sette seg inn i prinsippene for den samiske rettskrivningen og lære også hvordan skriftnormen avviker fra deres egen dialekt.

Det antall bøker som er trykt på samisk er fremdeles lavt, så noen særlig stor anledning til å oppøve leseferdigheten i samisk er det få som har. Inntil ganske nylig har det vesentlig vært bibel, salmebok og postill samene har kommet i berøring med på sitt eget språk. Noen få bøker av samiske forfattere er kommet, men selv for skrivende samer har det ofte falt mer naturlig å velge det skriftspråket de ble innprentet på skolen. Vi kan jo bare tenke på forfatteren Matti Aikio.

Den harde politikken som gikk ut på å gjøre samene kristne og norske, med forbud mot å snakke samisk både i og utenfor klasserommet, er heldigvis blitt myket opp etter krigen. I Norge er det i det siste kommet ut leseverker for samiske barn, som tar mer hensyn til kjente og hjemlige forhold, og som kan motvirke inntrykket av at alt samisk er mindreverdige.

De samiske dialektene er blitt ganske grundig utforsket. Der er antakeligvis kommet flere bøker om samisk enn på samisk. Det er særlig prestene i de samiske områdene som har gjort seg fortjent ved å skrive grammatikker og ordbøker og oversette de kristne skriftene. Dette har imidlertid foregått mer eller mindre tilfeldig og sporadisk.

Inntil siste krig var det ikke gjort noe forsøk på å innføre en felles samisk skriftspråksnorm for de tre nordiske land. På svensk side går skrifttradisjonen tilbake til en kombinert katekisme og ABC på pitedialekt fra 1619. Dialektforskjellene i Sverige er så store, overgangene så gradvise og gruppene så jevnbyrdige, at det har vært vanskelig å komme fram til en norm. På slutten av 1700-tallet vokste det fram en norm basert på de sørligste dialektene, det såkalte sydlapske bokspråket (med dialektgrunnlag nord for det egentlige sørsamisk). På 1840-tallet utformet predikanten Lars Levi Læstadius en ny norm, det nordlapske bokspråket, som bygger mest på luledialekten med enkelte sørligere islett. Ingen av disse rettskrivningene

gjengir lydforholdene i samisk helt ut, og valget av bokstaver ligger så nær opp til svensk som mulig.

Den norske tradisjonen er yngre. Den første boka var Morten Lunds katekisme fra 1728. Det som siden er kommet i Norge, har helt til ganske nylig alt sammen vært på finnmarkssamisk. Dette er ganske naturlig, siden over 95 prosent av alle norske samer forstår denne dialekten mer eller mindre godt. I 1748 kom en grammatikk, skrevet av Knud Leem, misjonær i Porsanger. Denne grammatikken ble seinere bearbeidet av den kjente danske språkforskeren Rasmus Rask, som innførte de spesielle bokstavene for samiske språklyder. Disse ble beholdt i presten N. V. Stockfleths grammatikk fra 1840 og ordboka fra 1852. Tradisjonen fra Stockfleth ble ført videre av J. A. Friis i hans grammatikk fra 1856 og ordbok fra 1887. Den siste har dannet utgangspunktet for en norm som har vært holdt levende helt til i dag i samemisjonens blad *Nuorttanaste*, som har stor utbredelse.

Friis' ortografi gjengir heller ikke alle lyd-forskjeller i samisk. Den første ortografien for finnmarkssamisk som holder vitenskapelig mål, kom først med Konrad Nielsens monumentale *Lærebok i lappisk* 1926—29 og *Lappisk ordbok* 1932—38. Nielsens lydbetegnelse var imidlertid så detaljert at den ikke kunne konkurrere med Friis' mer unøyaktige ortografi for praktiske formål.

I 1947 begynte språkforskere på norsk og svensk side å arbeide med en ny rettskrivning som skulle være felles for de to landene. Det falt naturlig å bygge på prinsippene i Konrad Nielsens skrivemåte. Den normgivende dialekten ble Kautokeinomålet, som ligger lengst opp mot de svenske områdene. Dette var akseptabelt fra svensk hold, bl.a. på grunn av en anselig utflytting av opprinnelige kautokeinofamilier til sørligere områder i Sverige. Den endelige utformingen av denne rettskrivningen ble gjort av professor Knut Bergsland i Oslo og daværende nomadskoleinspektør Israel Ruong, som nå er professor i samisk i Umeå.

Den nye rettskrivningen ble godkjent for bruk i lærebøker i skolen både i Sverige og Norge, og den første boka, Margarethe Wiigs ABC kom ut i 1951. De spesielle bokstavene, som for første gang ble innført på svensk side, pluss spesielle aksenter, gjorde at rettskrivningen virket fremmedartet og komplisert. Bladet *Nuorttanaste* gikk over til den nye rettskrivningen, men fikk så mange klager og abonnementsoppsigelser at det måtte skifte tilbake til den gamle rettskrivningen til Friis, som det fortsatt bruker.

Likevel er det galt å si at denne rettskrivningsspørsmålet. Den viktigste dialekten er jo som skrivemåten er blitt innarbeidet har flere blitt klar over at de fremmedartede bokstavene

og tegnene gjengir viktige trekk i språket. Og etter hvert som mer og mer litteratur kommer på denne rettskrivningen, blir den også mer kjent og kjær, i hvert fall blant de yngre.

Før vi forlater Norge, må vi nevne at det i de siste årene har vært gjort et par forsøk på å lage en rettskrivning for sørsamisk, men det som er kommet ut seinere i Finland. Det ble de vitenskapelige beskrivelsene) kan telles på en hånd.

Finland har gått sin egen vei i rettskrivningsreformen har vært et feilgrep. Etterhvert også der finnmarkssamisk, så de som sognet til den dialekten, kunne bruke de bibeloversettelser og andre bøker som kom ut i Norge. På de andre dialektene er det kommet ut svært lite. Imidlertid ble ikke Friis' rettskrivning beholdt da finnene i 1935 ga ut den første samiske ABC, og heller ikke i de, relativt få, samiske bøkene som er kommet av bøker (om en ser bort fra foretrukket å legge rettskrivningen mer opp til det finske skriftspråket, f.eks. ved å skrive *p, t, k* for *b, d, g* i begynnelsen av ord og *eä* for *æ* osv.

For de sovjetiske samene er også svært lite kommet ut. Matteusevangeliet kom ut på kildin-samisk i 1878 og igjen i 1884 sammen med en ABC. I årene 1933—37 ble det gjort forsøk på å innføre samisk i skolen, og enkelte skolebøker ble laget, først med latinske bokstaver og seinere med kyrilliske. Et stort problem var at dialektforskjellene bare på Kolahalvøya er så store at en skoltesame og en tersame har de største vansker med å forstå hverandre.

#### Nordisk samisk samarbeid

I 1953 ble den første nordiske samekonferansen holdt i Jokkmokk, med utsendinger fra Finland, Norge og Sverige. I 1976 ble den nien-de holdt i Enare. Utsendingene til konferansen velges av de samiske organisasjonene i hvert land. På konferansen velges så representanter til et Nordisk Sameråd, som driver en svært omfattende virksomhet, trass en svak økonomi.

På samekonferansen i Gällivare i 1971 ble det valgt en Samisk språknemnd. Denne har også vært svært aktiv den korte perioden den har eksistert. Et viktig mål for språknemnda er å få den samme status for samisk i de nordiske landene som svensk har i Finland. Språknemnda har utgitt lister over nye ord, arbeidet for å få utgitt bøker, arrangert språkkurs, osv.

Noe av det første språknemnda gikk i gang med, var å utarbeide forslag til en ny rettskrivning for nordsamisk. Mangfoldet av normer som har vært gjeldende og fortsatt gjelder, er svært uheldig fra samisk synspunkt. For same-ne er det vesentlig å finne fram til et felles system som kan bli så innarbeidet i alle de tre nordiske landene at de bøkene som kommer ut

i ett land kan brukes på skolen og ellers i de to andre landene også.

Det nye rettskrivningsforslaget fra Samisk språknemnd ble ferdig 12. mars i år, og ble sendt ut til høring hos interesserte med merk-nadsfrist 1. mai. Endelig vedtak i saka skal tas av samerådet på neste møte.

#### Hensynet til majoriteten

Det nordsamiske skriftspråket er altså igjen kommet i støpeskjeen etter å ha vært gjennom atskillige omveltninger opp gjennom tidene. Endringene er av en annen type enn de vi har hatt på norsk. For samisk er det ikke dialektgrunnlaget det strides om. Det er det samme både på finsk og norsk-svensk side. Det som har vært endret, er selve prinsippene for å gjengi språket i skrift. En slik endring ville være om vi på norsk skulle gå over til å skrive *maat* og *mat* osv. for *mat* og *matt* osv., det vil si dobbel vokal for uttalt lang vokal og enkel konsonant der vi nå har dobbel.

Det har vært minoritetsspråkenes lodd over alt i verden å bli gjengitt i skrifttegn som er tilpasset majoritetsspråket. (Et ekstremt eksempel er kurdisk, som i Russland tidligere er blitt skrevet både med arabiske og armenske bokstaver, men nå med kyrilliske. Arabiske bokstaver brukes ennå av kurderne i Iran og øst-over, mens kurderne i Irak, Syria og Tyrkia bruker forskjellige varianter av det latinske alfabet.) En slik harmonisering med landets hovedspråk har hatt til hensikt å gjøre det lettere for minoritetsbefolkningen å lære å lese majoritetsspråket. Når bokstavene mest mulig har samme lydverdi og bruk i begge språk, blir det også lettere for majoritetsbefolkningen å uttale og skrive på minoritetsspråket, f.eks. stedsnavn på kart.

For en så liten språkgruppe som samisk fortøner det seg altså som der er mer å vinne ved å samles om en felles skrivemåte, og alternativene er ikke så forskjellige at hensynet til harmonisering med norsk-svensk på den ene side og finsk på den andre bør spille noen større rolle.

Harmonisering med andre samiske skriftspråk som fortsatt må brukes, ser ut til å ha vært mindre diskutert. I den nye sørsamiske leseboka som kom ut i Norge i 1974, ble et prinsipp valgt der bokstavene i ekstrem grad følger et norsk øre. Det er uheldig at samenes mulighet til å lære seg å lese flere samiske dialekter svekkes på denne måten.

#### Abstraksjonsnivå

En rettskrivning kan være mer eller mindre abstrakt. Den mest konkrete skrivemåte ville være en fonetisk nøyaktig lydskrift. Det har vært utgitt atskillige tekster på samisk med fin





# HANS BØRLI: 3 DIKT

## Den tid er kommet

Den tid er kommet da  
 jeg ofte ser meg tilbake  
 og minnes  
 gode stunder i skogen.  
 Står et vemodig lys om dem,  
 lik gløtt av fraflytte boplasser  
 innpå skogviddene en disblå dag.

Ser hildringer som denne:  
 Granene sto med høge topper  
 i ring rundt kvilplassen;  
 konglene lyste matt i vinterlufta  
 som klokker av gammel kopper.  
 Frøsne orrhana-skrik  
 hang i bjørkeriset borti myrlaugga,  
 var hunger og liv  
 så langt som hjertet lydde.

Der satt du lut ved varmen  
 og steikte flesek i den bulkete blikkpanna.  
 Brente deg på panneskaftet  
 og svalte fingrene i snøen.  
 Så åt du det sprøsteikte sideflesket av julegrisen  
 og dyppet kakubeta i fettet etterpå.  
 Men rett som det var stanset tygginga,  
 du satt kurrende still  
 og glippet med auga, fort  
 som en støkt rev.  
 Ja, der satt du med fett på fingrene  
 og diktet ei tone inn i  
 kongleklokkene av irret kopper.

## Mild kveld

Rødt i vest. Vind. Fin singling  
 av isklokker innover bjørkesnara  
 der greinene har tint løs  
 fra stillheten — en av disse  
 blank-milde kvelder med føhn  
 midtvinters: Du ser mørket  
 liksom gjennom stille  
 klart vatn. Heile rommet  
 fylt av tanker, sorg —  
 hvordan alt k u n n e vært . . .

Ditt eget lille krufs av et sinn  
 går opp i dette veldige, og  
 ei bristende stutt stund  
 er gåten løst. Men  
 lyset fra den vindrøde vesthimmelen  
 faller over hendene dine, de ser med ett  
 fortapte ut, tøyde — som om  
 fingertupp-taket i himmelranda glapp  
 og neglene blør.

## Trostemøkk og nyperoser

Gråtrosten hakket i seg  
 ei klissen, regnslått nype  
 bak stakittet et sted i en høstlig hage.  
 Skjénte så sidelengs i vinden innover skogslia  
 med strupen strittende av plebeiiske skratt,  
 fant seg en duvende nattkvist under stjernene.  
 Og vinteren gikk. Og våren kom.  
 Da grodde det opp en nypetornbusk  
 med blomster så rødmende skjære  
 som kjærlighetsbrev i lampeskinn  
 der midt inni svarte skogen.

# SPRÅK OG KJØNN

## Bokmelding av Lars S. Vikør

Som kjent har vi dei siste åra fått ei aukande interesse for språket som maktinstrument. Denne interessa har ikkje minst konsentrert seg om emnet språk og kjønn: Korleis verkar språket som eit middel til å halde ved like det rådande kjønnsrollemønstret og tilpasse samfunnsmedlemmene til det? Det var språkpsykologen Rolv Mikkel Blakar som i si tid stilte spørsmålet: Kan mannssamfunnet sprengast utan språkrevolusjon? Og i boka *Språk er makt* gir Blakar ei rekke konkrete døme på korleis dei språklege konvensjonane våre er bestemt av kva roller og funksjonar vi er opplært til å tilskrive dei to kjønna, og utgjer ei stengsle for nytenking på dette området.

Sia Blakars bok kom ut i 1973, har både granskninga i dette emnet og ordskiftet om det gått vidare. I fjor kom så artikkelsamlinga *Språk og kjønn* ut, den første boka som har dette som hovudemne. I motsetnad til Blakars bok har *Språk og kjønn* utgangspunktet sitt i språkvitskapen, særleg språksosiologien. Boka er redigert av Else Ryen, og forfatarane er med eitt unntak det vi tradisjonelt kallar norskfilologar. Unntaket er den engelske språksosiologen Peter Trudgill, som vart presentert i eit utførlig intervju i førre nummeret av *Språklig Samling*. Han har skrive eit kapittel om *Språk og kjønn* i det engelske språket.

Dei andre kapitla handlar om nordiske, i hovudsak norske, tilhøve og er delt i tre grupper. Vi kan seie det slik at dei behandlar emnet språk og kjønn i første, andre og tredje person. Første person: korleis syner kjønsskilnadene seg i den måten vi sjølv snakkar på? (Del III i boka.) Andre person: korleis blir språkbruken påverka av det kjønnnet ein vender seg til? (Del I.) Tredje person: Korleis blir måten vi omtalar folk på bestemt av kjønnsrollemønstret? (Del II.) Eg skal ta for meg dei tre synsvinklane ein for ein.

Den lengste delen av boka tar for seg «første person-perspektivet»: Finst det typiske skilnader mellom kvinneleg og mannleg språkbruk? Denne delen er kanskje også tyngst å lese for

ikkje-lingvistar. Den omfattar seks artiklar, og fem av dei gjeld språksosiologiske granskningar av Oslo-målet. (Den sjette, av Torun Gulliksen, er ei drøfting av kjønsskilnader i den skriftlege språkbruken hos gymnasistar, med utgangspunkt i det svenske Skrivsyntax-prosjektet.)

Odd Nordland gjennomførte i 1953 ei granskning av språkbruk og språknormer hos folkeskoleelevar frå ulike delar av Oslo, med særleg vekt på språklege drag som markerer skiljet mellom «folkeleg» og «fint» Oslo-mål (og samtidig mellom radikalt og konservativt bokmål). Dei neste fire artiklane har alle grunnlaget sitt i materialet frå Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS). Knut Western skriv om bruken av a-endingar i hokjønn eintal, hankjønn fleirtal og inkjekjønn fleirtal (sola, gutta, husa), Geirr Wiggen om setningsbygning og bruk av interjeksjonar og svarord, Eskil Hanssen om pronomenbruk og Ernst Håkon Jahr om bruken av tjukk l. Alle desse artiklane er bygd på større forskingsarbeid, og legg fram dei resultata som har samanheng med kjønsskilnadene. Materialet er delt i fire grupper etter to kriteria: for det første kjønn, for det andre bydel: Frogner og Uranienborg i vest, Kampen og Vålerenga i aust. Den geografiske inndelinga er samtidig sosial: informantane frå austkanten høyrer i hovudsak til arbeidarklassa, dei frå vestkanten i hovudsak til borgarskapet og mellomlaga. Western, Hanssen og Jahr opererer også med ulike aldersgrupper.

Eg skal ikkje rekne opp resultata i detalj her, berre slå fast at både dei sosiale skilnadene og kjønsskilnadene gir seg heilt klare utslag i språkbruken. Folkelege former er sterkare i aust enn i vest, og sterkare hos gutar enn hos jenter. Eit viktig drag er det også at kjønsskilnadene i dei fleste tilfella er langt større på austkanten enn på vestkanten. Wiggen rapporterer frå si granskning at jenter både på Kampen og på Frogner hadde ein tendens til enklare, men samtidig meir «korrekte» og «fullstendige» setningskonstruksjonar enn gutane.

Fleire av forfatarane er inne på moglege for-

klaringar, og dei peikar alle i ei lei: jenter er sterkare utsett for sosialt press enn gutar, eit press i retning av å «vere fine» og dermed «snakke fint» eller «korrekt». Sitt klassiske uttrykk har dette presset fått i André Bjerkes appell: «Dere kvinner som vet hva det er å bære en vakker drakt, lær dere også å bære en vakker sprogdrakt.»

At dette presset i dag er veikare enn for tjue år sia, går fram av granskingane til Jahr og Western. Dei syner nemleg at både tjukk l og a-endingar i hokjønn blir brukt langt meir av barn og ungdom i dag enn av dei som voks opp i åra etter krigen. Særleg interessant i den samanhengen er det å samanlikne granskingane til Nordland (frå 1953) og Western (frå 1973). I begge tilfelle er det språkbruken til ti-elleveåringer som blir granska. Hos Nordland skilde gutane på austkanten seg ut med over 60 % -a i hokjønn, mens alle dei andre låg på under 20 %. Hos Western har bruken av a-endingar auka hos alle gruppene, mest av alt hos austkantjentene, som no hadde meir enn 60 % -a og dermed hadde «nådd att» gutane. Western drar inn det språkpolitiske klimaet som ei forklaring: når presset på dei folkelege formene har letna, er det ikkje minst fordi riksmålsrørsla har mista mye av taket sitt på folk. Det språktyranniet denne rørsla stod for, har først og fremst gått ut over jentene; sitatet frå André Bjerke var ikkje ein tilfeldig «glipp».

Korleis blir språkbruken påverka av det kjønnnet ein vender seg til? Den delen som handlar om dette konsentrerer seg om det vi kan kalle kommersiell språkbruk: reklame og vekebladnoveller. Både reklame og vekeblad vender seg til klart definerte og åtskilde målgrupper; dei bygger på visse førestellingar (dvs. fordømmar) om kva kvar av desse målgruppene ønskjer og har behov for, dvs. kva eigenskapar dei har, og forsterkar dermed i sin tur desse fordømmane. Derfor er det sjeldan ein finn det tradisjonelle borgarlege kjønnsrollemønstret så klart og utslørt uttrykt som her, også i måten å vende seg til og fange interessa til lesaren på, dvs. i den språklege uttrykksmåten. Evelyn Skogen, Anne-Ma Grønlie og Agnes Slettevold nyttar eit svært avgrensa materiale til analysane sine, men vi kan alle supplere dei døma dei gir med hundrevis av andre berre ved å bla gjennom ein tilfeldig stabel av såkalla «dame-», «familie-» og «mannfolkblad».

Eit langt vanskelegare, men ikkje mindre om diskutert problem tar Else Ryen opp i kapitlet Det kvinnelige fravær. Her gjeld det altså «tredje person»: korleis slår kjønnsrollemønstret gjennom i omtalen av folk? Ryen tar opp tråden frå Blakars bok og syner korleis dei språklege konvensjonane våre er med på å «gjømme bort» kvinnene ved at maskuline ord og etterstavingar blir nytta i kjønnsnøytral

tyding. Etterstavinga -mann er det tydelegaste dømet: vi har *formenn, talsmenn, stortingsmenn, froskemenn, nordmenn* osv. Dei fleste orda av denne typen gjeld samfunnsfunksjonar der stort sett berre menn slapp til, tradisjonelt. I dag oppfattar mange kvinner desse orda på -mann som diskriminerande. Det same gjeld bruken av pronomenet *han* som kjønnsnøytralt når det gjeld ein kategori, ikkje eit bestemt individ.

Er det slik at tilhøvet mellom kjønna i eit samfunn uunngåeleg set merke på det grammatiske systemet? Ryen synest å meine det, (s. 78—79), men det er neppe så enkelt. I indonesiske språk t.d. er grammatisk kjønn ukjent, noko ein absolutt ikkje må tolke som eit teikn på at det rår sosial likestilling mellom kjønna. Dette gjeld også i mange andre språkgrupper; det er særleg dei indoeuropeiske og dei semitiske måla som merker seg ut ved at dei har eit gjennomført grammatisk kjønnskilje. Dette skiljet går da ikkje utan vidare mellom «hankjønn» og «hokjønn». I indoeuropeiske mål ser det ut til at grunnmønstret opphavleg var tre kategoriar: livlaust, levande og hokjønn. Hokjønn var altså markert med ein særskilt kategori, mens hankjønn ikkje var det. Dette er bakgrunnen for den «kjønnsnøytrale» bruken av *han* — enda *han* i dag først og fremst er ei markert hankjønnsform.

Dette mønstret syner seg òg i samanfallet mellom ordet for *mann* og ordet for *menneske*, som vi finn i mange språk. Det norrøne ordet *maðr* tydde *menneske* og *mann*. På islandsk er denne dobbelte tydinga framleis tydeleg: *maður* tyder der framleis *menneske* når det blir brukt allment, men *mann* når det blir brukt særskilt om eitt individ. Islendingane sidestiller helst ikkje *menn* og *konur*; dei snakkar heller om *karlar* og *konur*. Derfor får vi òg former som *karlmaður* (*kar*) motsett *kvenmaður* (*kvinne*). På den andre sida kan det berre heite *eiginmaður* (*ekteemann*) og *eiginkona* (*kvifor* kan ikkje vi seie *ektekvinne*?). Og «*mannen min*» kan berre heite «*maður minn*».

Men på norsk har utviklinga gått i ei anna lei. Vi har fått ordet *menneske*, og *mann* er meir og meir blitt eit utvitydig hankjønnsord. Rett nok har vi framleis forma «*tjue mann*», som er noe anna enn «*tjue menn*». Og vi har altså alle samansetningane med -mann. Det er ein realitet at desse formene opphavleg var kjønnsnøytrale, og det er også ein realitet at dei i dag av mange blir opplevd som diskriminerande, nettopp fordi dei gir maskuline assosiasjonar til omgrep som etter vår rettferdskjensle ikkje lenger skal vere einseitig assosiert med menn. Ein språkhistorisk argumentasjon kan ikkje løyse dette problemet.

Det er i prinsippet to måtar å løyse det på. Den eine er å ta i bruk flest mogleg verkeleg kjønnsnøytrale nemningar, slike som *leiar, stor-*

tingsrepresentant og -folk i flertal i staden for -menn. Den andre er å nytte kvinnelege nemningar medvete — nettopp for å demonstrere at kvinnene er «til stades» i dei funksjonane det gjeld. Altså *forkvinne, talskvinne, ombodskvinne* osv. Ryen gjer seg til talskvinne for den siste måten: brottet med tillærte språkvanar kan da nettopp vere eit middel til bevisstgjerung. Ein systematisk bruk av Rolv Blakars reverserings-teknikk, med andre ord. (Sjå *Språk er makt*, s. 80—83.)

